

Sævareid fiskeanlegg AS

5645 SÆVAREID

Vår dato: 22.02.2016

Vår ref.: 201203666-25

Arkiv: 317

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Ole Per Schei

Oversending av revisjonsrapport og varsel om vedtak om retting, Sævareid Fiskeanlegg AS, Fusa kommune

Vi viser til revisjon av Sævareid Fiskeanlegg AS, og sender med dette rapport frå revisjonen som vart gjennomført 11.2.2016. Revisjonen var varsla i brev av 22.1.2016.

Under revisjonen vart det funne 5 avvik og gitt 2 merknader. Revisjonsrapporten beskriv dei avvik og merknader som vart avdekka. Dokumentasjon på lukking av avvik skal sendast NVE innan gitte tidsfristar.

NVE varslar om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting i tilfelle avvika ikkje er lukka innan tidsfristen som er sett.

Frist for å uttale seg er sett til 15.3.2016. Vi rår særleg til at faktiske opplysingar som gjeld saka, vert korrigert eller supplert. I tilfelle uttale ikkje er til NVE omhende innan fristen, vil NVE legge til grunn dei opplysingar som ligg føre i saka.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
avdelingsdirektør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fusa kommune
Fylkesmannen i Hordaland

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Sævareid Fiskeanlegg
Revisjonsdato:	11.2.2016
Stad:	På anlegget
Medvirkande frå revidert eining:	Gustav Folkestad, dagleg leiar Jan Magnus Markhus, teknisk leiar Gjermund Lygre Kongsvik, HMS og kvalitetsleiar
Revisorar frå NVE:	Revisjonsleiar: Ole Per Schei Medrevisor: Katarina Eftevand
Seksjon	Seksjonssjef: Øyvind Leirset

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål med revisjonen

Føremålet med revisjonen er å få dokumentert at verksemda oppfyller krav nedfelt i vassdragsreguleringslova, IK-vassdrag, gjeldande konsesjon og påfølgjande vedtak.

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgande:

- Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) av 24.11.2000
- Forskrift av 28.10.2011 nr. 1058 om internkontroll etter vassdragslovgivinga (IK- vassdrag).
- Konsesjon til regulering og vassuttak frå Henangervatnet av 25.11.2010
- Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap av 30.01.2013

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla i hovudsak følgande tema:

- Kontroll av regulering
- Gjennomgang av punkt i § 5 i IK-vassdrag med hovudfokus på §§ 5-3, 5-5,5-6 og 5-8.

1.4 Funn

5 avvik

2 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgjevinga og anna lovgiving NVE forvaltar.

Merknad er: påpeiking av forhold med potensial for betring eller et forhold som bør vurderast nærare av verksemda, men som ikkje er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført ved ein inspeksjon av nytt inntak i utløpet av Henangervatnet, og ved ein påfølgjande gjennomgang av deler av verksemda sitt system for internkontroll. jf IK-vassdrag.

Verksemda har personell som har god kontroll på teknisk anlegg og drifta av dette. Trass dette kan gjennomgangen tyde på at det er framleis potensial i å ta IK-vassdrag inn som eit aktivt styringsverktøy for vassdragsdelen av anlegget. Reglement for manøvrering av valsen er under utarbeiding og var sendt til aktuelle partar for uttale. Dette var difor ikkje fokus under revisjonen.

2 Beskriving av avvik

Avvik 1	
Krav	IK-vassdrag § 5-3 <i>« Den ansvarlige skal sørge for at personell har de kunnskaper og ferdigheter som er nødvendige for å sikre at anlegg og tiltak som omfattes av § 3 og driften av slike, oppfyller krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen, herunder ha en plan for hvordan faglig kompetanse skal etableres og utvikles»</i>
Avviket	Verksemda manglar turvande plan for kompetanse knytt til miljø- og landskap.
Dokumentasjon	Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon på plan for korleis fagleg kompetanse knytt til miljø- og landskap skal etablerast og utviklast.
Korleis lukke	Turvande dokumentasjon på dette må sendast NVE innan fristen.
Frist for lukking	1.5.2016

Avvik 2	
Krav	IK-vassdrag § 5-4 <i>§ 5-4: Den ansvarlige skal beskrive organisasjonen, herunder hvordan det kvalifiserte personell er organisert med ansvar, oppgaver og myndighet</i>
Avviket	Ansvar knytt til miljø og landskap er ikkje eintydig definert og plassert i verksemda.
Dokumentasjon	Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon på at ansvar for miljø- og landskap er plassert.
Korleis lukke	Turvande dokumentasjon på dette må sendast NVE innan fristen.
Frist for lukking	1.5.2016

Avvik 3	
Krav	IK-vassdrag § 5-5 <i>§ 5-5: Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar</i>

	<i>med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen</i>
Avviket	Verksemda manglar skriftleg prosedyre for registrering/ måling av vassforbruk.
Dokumentasjon	Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon med beskriving av prosedyrer for registrering/måling av vassforbruk som gir turvande dokumentasjon på vassuttaket.
Korleis lukke	Turvande dokumentasjon på dette må sendast NVE innan fristen.
Frist for lukking	1.5.2016

Avvik 4	
Krav	IK-vassdrag § 5-6 <i>§ 5-6: Den ansvarlige skal kartlegge farer og problemer med hensyn til miljø og sikkerhet og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikoforholdene</i>
Avviket	Verksemda kunne ikkje legge fram skriftleg dokumentasjon på at kartlegging omfattar miljø og landskap. Jf eks. erosjon i strandsone.
Dokumentasjon	NVE la fram eit bilde som viser ei tydeleg erosjonssone i strandlina. Denne er ikkje identifisert i verksemda sitt system. NVE kunne heller ikkje registrere at det var gjort noko form for analyse av fare og problem i samsvar med kravet ovanfor.
Korleis lukke	Turvande dokumentasjon på dette må sendast NVE innan fristen.
Frist for lukking	1.5.2016

Avvik 5	
Krav	IK-vassdrag § 5-8 <i>§ 5-8: Den ansvarlige skal utarbeide og gjennomføre rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge avvik</i>
Avviket	Verksemda manglar ein tydeleg definisjon av avvik knytt til miljø og landskap. Jf eks. vassuttak, regulering, erosjon.
Dokumentasjon	Intervjua avdekka at personell hadde ei noko ulik og usikker oppfatning av kva som var å oppfatte som avvik knytt til miljø- og landskap.
Korleis lukke	Turvande dokumentasjon på dette må sendast NVE innan fristen.
Frist for lukking	1.5.2016

3 Beskriving av merknader

Nr.	Beskriving av merknader
1	<p>Aktuell føresegn:</p> <p>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)</p> <p><i>§ 5-5: Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen</i></p> <p>Merknad: Målinga av vassforbruk baserer seg på stipulert forbruk og gir usikre og ustabile verdiar, som til dels viser overskriding av lovleg uttak. Det er plan om å etablere automatisk målar.</p> <p>Tilråding: Det er viktig at verksemda sikrar at målingane er nøyaktige og kontrollerbare og ha turvande rutinar for kalibrering av måleutstyr.</p>
2	<p>Aktuell føresegn:</p> <p>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (IK-vassdrag)</p> <p><i>§ 5-9: Den ansvarlige skal foreta systematisk gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt, for eksempel gjennom interne revisjoner.</i></p> <p>Merknad: Framlagt dokumentasjon tyder på noko svake rutinar knytt til oppfølging og lukking av avvik. Jf siste definerte avvik i verksemda knytt til reguleringa (flaum). Avviket vart ikkje kvittert ut som lukka før etter sær lang tid.</p> <p>Tilråding: Verksemda bør setje eit sterkare og skjerpa fokus på vassdragsdelen av anlegget og aktiv bruk av IK – systemet relatert til vassdrag.</p>